

UNIVERSITAS I

TAIWAN



JORDBÆR- REPUBLIKKEN TAIWAN

Det er ikke akkurat nytt at den eldre generasjonen tiltalar den yngre for å gjere det dårlegare enn dei. I haust gjorde BBC ei undersøking og fant slåande likskapar mellom det som blir sagt til Millenniums-generasjonen i dag, og det folk har sagt om sine etterkommarar sidan Aristoteles’ tid. Sjølvopptatt, late, trur dei veit best, klagar mykje ... Du har kanskje høyrte det før?

På Taiwan blir Millennium-generasjonen kalla fersken-, jordbær-, og iskremgenerasjonen. Ifølgje stereotypien består denne generasjonen av skjøre og tynnhuda ungdom. Dei toler like lite motstand som eit jordbær eller fersken – eit lite knuff og dei blir skada. Eller ennå verre; dei smelter saman når omgjevnadane blir oppheta.

Men sidan 1980-talet har verda har kunne observere den eine studentrørsla etter den andre. Dei har okkupert regjeringsbygningen, stoppa utbygginga av atomkraftverk og starta eit politisk parti som berre tre år gammalt har vunne fem sete i parlamentet. Det er mykje som kan tyde på at taiwansk ungdom ikkje er ein generasjon av tynnhuda jordbær.

I dette magasinet skal vi fortelje historier om Taiwans jordbærgenerasjon. Vi har møtt unge som engasjerer seg i LHBTQ-aktivisme. Kvin-

ner som trassar seksuell trakassering i jobben. Ungdom som gjer si eiga greie.

Men kvifor set vi søkelyset på Taiwan? Fordi det er ei historie lik David og Goliat, berre at vi ikkje veit kven som kjem til å vinne. Det einaste vi veit er at det kan få konsekvensar.

Den lille øya er på storleik med Nordland fylke og husar rundt 23 millionar innbyggjarar. Taiwan, eller Republikken Kina som er det offisielle namnet, er Asias sjuande største økonomi, har ein demokratisk valt president og er ein komplett stat med alt det det inneber. Men på grunn av naboen Kina får dei ikkje handle som ein statleg aktør i internasjonalt farvatn. Beijing ser nemleg på Taiwan som ein kinesisk provins, og med all den makta Kina har, er det få statar som tør å seie i mot dei. Noreg, og 171 andre land, anerkjenner ikkje Taiwans suverenitet.

Det er eit stort politisk maktspel om den vesle øya. Beijing står i front, og resten av verda kan ikkje unngå å delta. Om Taiwan blir ein papirlaus stat, eit sjølvstende land eller kinesisk provins i framtida, er mykje opp til den komande generasjonen. Ein generasjon som blir skulda for å ikkje tole motstand. Er Taiwan på veg til å bli ein jordbær-republikk?



REPORTASJE
KRÅKEREIR
side 4 til 7



PORTRETT
TOSIKU
side 8 til 11



ARTIKKEL
LEAN IN
side 12 til 13



REPORTASJE
**DRONNINGANE
AV TAIWAN**
side 14 til 19

UNIVERSITAS
i samarbeid med **FRAMTID&ND**

RAGNHILD SOFIE
SELSTØ
journalist



AMANDA O. BERG
fotograf



M | QUIZ



HENRIK GÆVER QUIZMASTER OG QUIZBOKFORFATTER

Asiatiske hovedsteder

1. I hvilket asiatisk land har hovedstaden et navn som er et anagram for en tidligere hovedstad i samme land?
2. Hvilken asiatisk hovedstad er mamman til Pernille fra, Ifølge en sang av Karpe Diem?
3. Den eneste hovedstaden i verden som begynner på bokstaven U ligger i Asia. I hvilket land?
4. Hvilken asiatisk hovedstad deler navn med en type nøtt som gjerne benyttes som krydder?
5. Fra hvilken asiatisk hovedstad kom bokhandleren Åsne Seierstad skrev om i en bok fra 2002?

Asiatiske geografinøtter

6. Hvilket navn ble tidligere brukt i vesten for øya Taiwan?
7. I hvilket asiatisk land ligger det punktet på jordkloden som er lengst unna hav?
8. Hvilken fjellkjede i Russland regnes som grensa mellom Europa og Asia?
9. Hvilke to asiatiske land er skilt ved den 38. nordlige breddegrad?
10. Hvilke to asiatiske land grenser kun til Kina og India?

Asiatisk historie

11. Hva het sønnesønnen til Djengis Khan, som også var Khan av det mongolske riket?
12. Hva var navnet på den vietnamesiske statslederen som var statsminister og president i Nord-Vietnam fra 1945 til sin død i 1969?
13. Hva var navnet på det kommunistiske partiet som styrte Kambodsja på brutalt vis fra 1975 til 1979?
14. Hvilket narkotisk stoff ga navn til to militære konflikter mellom Kina og Storbritannia på 1800-tallet?
15. Hva het den 6.000 kilometer lange handelsruten som gikk gjennom regioner i Asia og knyttet sammen vest og øst ved handelsmenn i middelalderen?

Asiatisk idrett

16. Hva slags verdensmesterskap ble for første gang arrangert i Kina i 1991?
17. Hvilke tre asiatiske land har arrangert vinter- eller sommer-OL?
18. Hvilken koreansk selvforsvarsgren har et navn sammensatt av tre ord som betyr noe sånt som sparke, slå og metode.
19. Hva slags form for kampsport er det tradisjonelle japanske Kyudo?
20. I hvilken idrett, som er populær i enkelte deler av Asia, kan man vinne med "løp" eller "wickets"?

1. Japan (Tokyo og Kyoto)
2. Manila (Filippinene)
3. Mongolia (Ulan Bator)
4. Muskat
5. Kabul

6. Formosa
7. Kina
8. Uralfjellene
9. Nord- og Sør-Korea
10. Nepal og Bhutan

11. Kublai Khan
12. Ho Chi Minh
13. Røde Khmer
14. Opiumskrigene
15. Silkeveien

16. Fotball-VM for kvinner
17. Japan, Kina og Sør-Korea
18. Taekwondo
19. Bueskyting
20. Cricket

ER DU EIT JORDBÆR?



ZHENG YILIN (22)

Kva betyr jordbærgenerasjonen?
Å vere ung i dag. Vere like skjør som eit jordbær, og bli veldig fort såra.
Er du eit jordbær?
Nei, det trur eg ikkje. Eg har eit mål i livet, i tillegg blir eg ikkje lett påverka.
Passar det å skildre ungdoms- generasjonen som jordbær?
Basert på dei ungdomane eg kjenner, passar det ikkje i det heile tatt. Men eg har sett nokon i media som eg har tenkt at passar veldig godt til den skildringa.



QIU YANRU (21)

Kva betyr jordbærgenerasjonen?
Å ikkje tole press. Som oftast er det snakk om unge folk.
Er du eit jordbær?
Ja, eg er vel det.
Passar det å skildre ungdoms- generasjonen som jordbær?
Ja, litt. Det passar til halvparten kanskje.



GUO MENGFAN (26)

Kva betyr jordbærgenerasjonen?
Det skildrar ungdommar som er svake, uærlege og avhengige av familien sin.
Er du eit jordbær?
Nei. Eg syns heller eg er laga av stål og jern, fordi eg har forsørgt meg sjølv i fem år no.
Passar det å skildre ungdoms- generasjonen som jordbær?
Hm, litt. Det er mange foreldre i dag som har pengar, som gjer at barna ikkje treng å jobbe. Då er det vanskelegare for dei å skilje seg frå familien og blir sjølvstendige.



LI YANGJIE (17)

Kva betyr jordbærgenerasjonen?
Det betyr å ikkje tole press så bra. Og å vere svak.
Er du eit jordbær?
Ja, litt. Eg er kanskje litt sjenert og følsam.
Passar det å skildre ungdoms- generasjonen som jordbær?
Ikkje heilt. Eg likar ikkje det omgrepet så godt.



LIN HANWEI (21)

Kva betyr jordbærgenerasjonen?
At ein person sitt innarste vesen er svakt. Og å ikkje tole kritikk frå andre.
Er du eit jordbær?
Nei. Mitt innerste vesen er sterkt og bestemt nok.
Passar det å skildre ungdoms- generasjonen som jordbær?
Hm, det veit eg ikkje heilt.



JIAN MINGKUI (23)

Kva betyr jordbærgenerasjonen?
Det betyr å vere ung og ikkje like å jobbe. Bruke mykje tid heime og vere litt lat, eigentleg.
Er du eit jordbær?
Nei, fordi eg likar å jobbe hardt for å nå målet mitt.
Passar det å skildre ungdoms- generasjonen som jordbær?
Ja, men det passar berre til dei som ikkje jobbar hardt.



Elevvert by: Fleire hundre tusen menneske har busett seg på Taiwans hustoppar.



Ulovleg: Det første du møter på når du kjem ut av nødutgangen på taket er seks leilegheiter.

EIN BY AV KRÅKEREIR

tekst: **RAGNHILD SOFIE SELSTØ** foto: **AMANDA O. BERG**

TAIPEI BLITT EIN AV DEI MEST
UOVERKOMELEGE HUSMARKNA-
DANE I VERDA, OG FOR STUDENTAR
OG NYUTDANNA ER DET NÆRMEST
UMOGLEG Å KJØPE EIGE BUSTAD.
DIFOR HAR DEI FUNNE ALTERNATIVE
MÅTAR Å BU PÅ.

Å betale rundt 3000 kroner i månaden for ein hybel på 45 kvadratmeter høyrer kanskje ikkje urimeleg ut. Men når løna ligg på 6000 kroner i månaden, blir det ei anna sak.

Taipei er berre halvparten så stort som Oslo, men husar 2,7 millionar menneske.inntekta har stagnert det siste tiåret, men bustadprisane har auka og ein kvadratmeter i Taipeis bykjerne kostar no om lag 56.000 norske kroner.

Husmarknaden klarer ikkje å tilfredsstille etterspurnaden. Difor har det, sakte men sikkert, utarta seg ein heilt ny by oppå Taipei sine tak.

Hundretusenvis
Vi hadde høyrte om dei ulovlege taktoppene før vi reiste til Taiwan. Så for å skaffe oss ein oversikt,

tok vi oss opp til toppen av ei høg bustadblokk like utanfor Taiwans Nasjonale Universitet i Taipei. Vi kunne ikkje unngå å bli overraska. Overalt kunne vi sjå små bustadar med både tak og veggar dekt av blikkplater. Fasadane var malt i mange ulike fargar, som skapte eit rotete, usystematisk inntrykk. Og når vi først begynte å sjå etter dei, såg vi dei overalt. Oppå hustak. Inni igjen-spikra verandaer. Nokon var til og med bygd oppå andre ulovlege påbygg. Det var som om vi stod og såg på ein elevert by av kråkereir.

I Taipei er det rekna å vere rundt 98.000 ulovlege kråkereir. Inkluderer vi metropolen som omringar hovudstaden, New Taipei City, er det til saman 290.000 påbygg. Dei er umoglege å oversjå.

Likevel var det ikkje enkelt å komme i ►►



Trongt: På ein hustopp i Taipei bur norske John Yu. – Til saman bur vi rundt 15 stykk her oppe, fortel han.

◀◀ kontakt med folk som budde der. Vi prøvde å oppsøke taktoppane og banke på dørene, men var utan hell. Då vi endeleg kom i kontakt med ei kvinne gjennom sosiale medium, ville ho berre snakke med oss over telefon.

Men ein som ville stille opp, var John Yu (29) frå Oslo. John studerer ved Taiwans Nasjonale Universitet, og bur i på ein ulovleg taktopp i Taipei sentrum.

For å besøke John måtte vi først ta heisen til toppetasjen, for så å gå trap-pene opp til nødutgangen på taket. Det var ikkje lett å sjå den ulovlege etasjen frå bakkenivå, men då vi kom ut av trap-peoppgangen opna det seg ein heilt ny etasje med seks leilegheiter.

– Til saman bur vi rundt 15 stykk her oppe, fortel John.

Utanfor inngangsdøra til leilegheita si har John plassert ei sitjegruppe, og dekorert med eit par rekker juletrelys. Vi kunne høyre trafikksusen under oss, og skoda vi utover kunne vi skimte fjella i horisonten. Og endå fleire kråkereir.

John leier ein leilegheit av ei dame som også eig heile etasjen under. Det gjer det lettare å byggje på ein ekstra etasje, utan å bli lagt merke til.

– I underetasjen har tre leilegheiter blitt gjort om til to for å huse flest mogleg. No bur det åtte stykk i den eine, og fire eller fem i den andre, fortel John.

Toler ikkje ekstra etasjar

Påbygg laga av stål og blikk er ofte for-bunde med slum-område. Og i Taiwan ser dei fleste kråkereira ut som, ja, kråkereir.

Men fenomenet er så vanleg og utbreidd, at det ikkje berre er folk med lite ressur-sar som bur i desse kråkereira.

John sin leilegheit er ein av dei betre utstyrte. Treroms-leilegheita er pryda av kvite fliser og mørkt tre, skinnsofa og fullutstyrt kjøkken. På overflata ser det bra ut. Men går ein ned på detaljnivå, ber den likevel preg av å vere eit påbygg.

– Ta til dømes golvet på badet. Det heller ikkje mot dusjen slik det vanleg-vis gjer. I staden heller det meir andre vegen, sånn at eg må bruke føtene for å dytte vatnet nedi sluken, fortel John.

– I tillegg flimrar lyset ofte, og det er svakt trykk i dusjen og springen. Spesielt på visse tidspunkt når det er mange i blokka som dusjar. Det bærer tydeleg preg av at straum- og kloakkanlegget

ikkje er bygd for å tole ein etasje ekstra.

Forårsakar dødsbrannar

I Taipei kunne vi sjå fleire kråkereir som var bygd bak svære reklameskilt, eller som ein forlenging av heissjakta på bygget. Det var som om det var blitt gjort eit forsøk på å skjule dei. Kråkereir truer tryggleiken til dei som bur i blokka, og er rekna som ulovlege. Men viss dei er ulovlege, kvifor finst det då så mange?

Nyttårsaftan 1994 stoppa den dåverande ordføraren i Taipei, Chen Shui-bian, nedringinga av alle ulovlege taktoppar som var bygd før 1995. Frå då av, sa han, ville dei berre forby dei kråkereira som blei reist etter 1. januar 1995.

I dag står det rundt 25.000 registrerte taktoppar som er blitt frigjort frå rivin-



Slitent: Vassrøyra ber preg av å vere provisorisk.

TAIWAN

- Grunnlagt i 1949 etter borgarkrigen i Kina
- Øy i Aust-kina-havet. Det offisielle namnet er Rebulikken Kina.
- 23 millionar innbyggjarar fordelt på eit landområdet på storleik med Nordland fylke.
- Offisielt språk er mandarin

ga. Men Ko Wen-je, dagens ordførar i Taipei, har gått ut og sagt han vurderer å fjerne dette unntaket.

– Dei aller fleste ulovlege strukturane som står i dag blei faktisk reist før 1995, sa han til Taipei Times i desember.

På det tidspunktet var temaet om

ulovlege hustoppar igjen tatt opp til diskusjon, då 10 menneskje mista livet i to brannar i Taipei-området. Tidlegare i haust hadde også to utanlandske studantar mista livet i ein taktopp-brann.

Ifølgje ordførar Ko Wen-je skal styresmaktene i Taipei og New Taipei City trappe opp nedringinga, med mål om å fjerne alle 290.000 ulovlege påbygg.

Vil, men får det ikkje til

Styresmaktene har i fleire år lova å rive ned dei ulovlege bygningane. Likevel er bybilete framleis sterkt prega av dei. Kva skjer?

Nokon stiller spørsmål til om myndigheitene i det heile tatt er i stand til å fjerne bustaden til fleire hundre tusen menneske. Nedringinga vil gje enorme

kostnader til staten. I tillegg er Taipei sin husmarknad allereie for liten til å kunne huse alle som bur i byen.

– Viss desse strukturane blir riven ned utan å vurdere dei negative konsekvensane det vil få for offentlig tryggleik, trafikk, helse og byplanlegging, er det ein risiko for at det vil bli prioritert feil. Er nedringing verkeleg den rette vegen å gå? spør Lee Ji-sheng, ein forskar i Taiwans lovgjevande organ, Legislative Yuan.

Paranoid huseigar

John heller i kvar sin kopp kaffi og serverer japanske mjøllekaramellar. Han pleier ofte ha vener på besøk, sjølv om huseigar eigentleg ikkje tillèt det.

– Eg trur ho er litt paranoid for å bli

tatt, fortel han.

– Når det går tomt for gass, har eg blitt bedt om å ringje ho og ikkje gassleverandøren. Eg trur ho har sine kontaktar som ho kanskje betalar litt ekstra for å ikkje avsløre at vi bur her.

I tillegg må John dele postkasse med eit titals leigebuarar i underetasjen. Er det eigentleg nokon fordelar med å bu ulovleg?

– Nei, svarar John og ler. Han tenkjer seg om.

– Eller, litt. Eg trur huseigar vil gjere meg mest mogleg til lags sånn at eg ikkje skal sladre. Før eg flytta hit, spurde eg om det var TV i leilegheita. Det var det ikkje, men då eg kom stod det ein svær flatskjerm i stova likevel.

magasin@universitas.no

I RAMPELYSET TIL MAMMA

tekst: RAGNHILD SOFIE SELSTØ foto: AMANDA O. BERG

NÅR TOSIKU KUSUI HAR FRI,
REISER HO TIL TAIPEI FOR Å BU
SAMAN MED MAMMA PANAI
UTANFOR EIN TBANE-STASJON.

Kva gjorde du då du var sytten? Fylte du dagane med skularbeid for å sikre deg plass på draumestudiet? Festa du i helgane? Hadde du kjærast?

Tosiku Kusui frå Taiwan er nesten som syttenåringar flest. Ho går siste året på vida-regåande skule, men har ennå ikkje bestemt seg for om ho vil studere eller ei. Ho høyrer på rap-musikk og ser på «Riverdale» på Netflix. Ho har ein Instagram-konto der ho postar bilete av seg sjølv som held små spritflasker og ei lommebok med ein avbilda marihuana-plante på. Ho lever dei opprørske tenåra.

Men Tosiku har ikkje foreldre til stede å vere opprørsk mot, fordi foreldra sjølv er i opprør med staten.

Provisorisk heim

I august 2016 stod president Tsai Ing-wen framføre representantar frå urbefolkninga i Taiwan og beklaga for måten deira folk har blitt behandla på dei siste fire hundre åra.

– Eg håpar, med heile mitt hjarte, at dagens unnskyldning vil sette dette landet og heile folket på ein veg mot forsoning, sa Tsai.

Då Tsai Ing-wen eit par månadar tidlegare blei innvia som president, stod Tosiku si mor, Panai Kusui, smilande ved hennar side. Augeblikket blei foreviga, og Panai har pryda heimen sin med biletet. Ho har kopiert det opp i fleire eksemplar på storleik med ein reklameplakat, og stempla eit enkelt kinesisk teikn på det; «løgnar».

I februar i fjor godkjende Tsai Ing-wen ein ny regel om landområda til den taiwanske urbefolkninga. Regelen hadde lenge vore under vurdering, men den vekte store reaksjonar då den endeleg tok til å gjelde. Av dei 18 tusen kvadratkilometrane som først vart lova urbefolkninga, blei det til slutt berre frigjort 8 tusen kvadratkilometer land. Styresmaktene hadde nemleg bestemt å frita privat eigedom frå regelen.

Rundt 2 prosent av Taiwans innbyggjarar høyrer til urbefolkninga, og utgjer om lag 500.000 av den totale befolkninga på øya. Tosiku sine besteforeldre høyrer til Amis og Puyuma-folket, to av totalt seksten anerkjente urfolk på Taiwan. Og den nye regelen om urfolkets landområde gjorde Tosiku si mor sint. Så sint at ho flytta frå dottera si.

Panai drog frå heimbyen Taidong i sør til hovudstaden Taipei i nord. Dagen den nye land-regelen byrja å gjelde, strøymde Panai og hundrevis av andre demonstrantar ut på gata framføre presidentheimen i protest. Men då dei andre demonstrantane gjekk heim, blei Panai verande og slo leir i det som skulle bli hennar nye heim.

Tre år utandørs

Når dette magasinet blir publisert, har Panai budd utandørs i 363 dagar. Sidan Tosiku framleis går på skule, har ho berre høve til å besøke mora i Taipei når ho har fri. Og slik det ser ut no, betyr det at Tosiku må tilbringe dei neste



«Det er ikkje meininga at morsmålet mitt skal vere kinesisk. Men eg kan ikkje snakke morsmålet mitt, ikkje mamma heller.»

Tosiku



Demonstrantar: Mamma Panai Kusui demonstrerer mot taiwanske myndigheiter. Tosiku vil hjelpe til, men veit ikkje korleis.

tre sommarferiane, vårfestivalane og månefestivalane hjå mora sin provisoriske leir utanfor ein t-banestasjon.

– Då mamma først byrja å demonstrere i fjor, forklarte ho kva det handla om utan at eg heilt forstod kva dei eigentleg gjorde. Eg meiner, kor skulle dei sove lik-som? Det var framleis iskaldt ute, fortel Tosiku. Ho snakkar engelsk lik ein afro-amerikansk rap-artist. Ho har ein djup og lågmeldt stemme med ein syngjande slang. Ho drar på vokalanene, og bruker ofte ord som *y'all*, *like* og *you know*.

– Men den første sommaren eg fekk reise til Taipei og oppleve det sjølv, forstod eg det. Det er ikkje meininga at morsmålet mitt skal vere kinesisk. Men eg kan ikkje snakke morsmålet mitt, ikkje

mamma heller. Så eg vil gjere noko, eg vil hjelpe til. Sjølv om eg synest denne protesten er litt sånn, heilt OK, berre.

– Skal du bort å røyke no?

Etter kinesisk nyttår og vårfestivalen er over, skal Tosiku reise tilbake til Taidong og tilbake til skulebenken. Ho bur aleine i familien sitt hus utanfor byen, og når ho saknar mora pleier ho å ringje ho på Skype.

– Av og til er det deilig å bu aleine óg, fordi då er det ingen som fortel meg kva eg skal gjere. Men eg har innsett at når ingen seier kva eg skal gjere, veit eg heller ikkje kva eg må gjere. Så huset ser ut som eit einaste stort rot.

– Men eg er vant til det, legg ho til. Når

Tosiku er i Taipei, derimot, er rutinane heilt forskjellige.

– Eg pleier å vakne i 11–12 tida på førermiddagen, men viss eg har ansvar for å kjøpe frukost, står eg opp i ni-tida. Resten av dagen ser eg på Netflix på iPhone, ler ho.

Det hender Tosiku får besøk av vener, men ho forlèt sjeldan leiren. Skal ho på do, brukar ho det offentlege toalettet på t-banestasjonen. Skal ho dusje, får ho kome til Greenpeace sit kontor like ved. Og mamma Panai har mange formeiningar om kva Tosiku skal og ikkje skal gjere.

– Skal du bort å røyke no? ropar Panai strengt etter Tosiku medan vi intervjuar ho.

Panai arrangerer opp til fleire arran-

gement i veka. Ho held songkurs og foredrag, alt for å auke medvitet om situasjonen til urfolket. Av og til pleier Tosiku å hjelpe til ved å styre PowerPointen. Andre gonger set ho seg til sida og held på med mobiltelefonen.

Forskjellig

Panai er ein kjend folkesongar, og mens vi er på besøk sett Tosiku seg ned i ein campingstol og tar fram gitaren hennar. Ho nynnner nesten lydlaut medan ho klimprar på strengene. Brått hevar ho stemma og syng refrenget til Radiohead sin «Creep» av full hals. Ho har nettopp fortalt at ho føler seg annleis enn klassekameratane sine.

– Sidan eg var liten har eg vore ►►



SAMHALD: – Familien min er her. Det er godt å vere i lag med dei.

◀ med mamma på protester. Det har gjort at mine meiningar har blitt litt annleis enn det andre folk meiner. Når alle andre meiner A, og eg meiner B blir eg erta. Fordi eg er annleis.

Er det verdt det?

– Vi har prøvd alle andre metodar for å få presidenten si merksemd, utan hell, fortel mamma Panai.

– Difor sit vi her ennå. Vi gir ikkje opp. – Eg håpar at Tosiku ser at uansett kva ho synest er viktig i livet, er det viktig å følgje det. Følgje kallet. I framtida, når Tosiku finn noko ho synest det er verdt å kjempe for i livet, vil eg støtte henne fullt ut. Uansett om det er skremmande eller ei. Eg håpar det går andre vegen òg, at Tosiku støtter meg, seier Panai.

Tosiku føler seg ikkje pressa til å delta i mora sin protest. Ho har lyst å hjelpe til, ho veit berre ikkje heilt korleis.

– Tidlegare i haust besøkte mamma ein mu-

sikkfestival i Taidong. Ho selde platene sine der og eit par rekvisittar med slagordet til demonstrasjonen; «ingen er outsiderar». Dagen etter hadde fleire i klassen min kjøpt handkle med slagordet på, og dei kom til meg å spurde meg om protesten. Eg blei skikkelig forbausa, eg berre «woooooow».

Tosiku kviskrar det siste ordet for å vise begeistringa si.

Men i det siste har ho følt ho sit fast. Klassekameratane ser ikkje ut til å bry seg noko særleg. Og mora bur ennå utanfor t-banestasjonen i Taipei. Ho har lite tru på at det vil gi resultat.

– Mamma har sagt ho skal bu her i minst tre år til, fram til presidenten blir bytta ut. Eller til noko blir gjort med saka. Men fram til no har korkje presidenten eller styresmaktene gitt respons. Dei berre let som dei ikkje ser oss, ikkje høyrer oss. – Er det verdt det?

– Nei, svarar ho.

magasin@universitas.no



«Sidan eg var liten har eg vore med mamma på protester. Det har gjort at mine meiningar har blitt litt annleis enn det andre folk meiner. »

Tosiku



Gen: – Mamma er veldig sta. Det er ikkje eg, seier Tosiku. Sjølv om ho ikkje har like personlegdomstrekk med mora, tar ho etter dei musikalske evnene hennar.



Sauflokk: – Vi taiwanarar er som ein flokk med sauer. Ingen tør å kjempe, meiner Jane.

KVINNE, LEN DEG INN!

#METOO-KAMPANJEN SLO IKKJE AN PÅ
TAIWAN. JANE LU OG ESTELLE CHIU FANN
EIN ANNAN MÅTE Å STØTTE KVINNER PÅ.

tekst: RAGNHILD SOFIE SELSTØ foto: AMANDA O. BERG

– Då eg var liten, spurte ein eldre slektning kva eg ville bli når eg blei stor. Då eg sa eg ville blir lege, sa ho at eg ikkje trengte å jobbe så hardt. Eg kunne jo berre gifte meg med ein lege, fortel Jane Lu (27).

Jane blei ikkje lege. I staden tok ho ein mastergrad i finans ved Taiwans Nasjonale Universitet. Under heile utdanninga blei ho fortalt at ho hadde like moglegheiter som menn. Ho kunne bli akkurat det ho ville.

Men det var ikkje realiteten ho blei møtt med då ho begynte i jobb etter studiane.

Seksuell trakassering

Sjølvs om MeToo-kampanjen ikkje har fått stor plass i taiwansk media, betyr ikkje det at seksuell trakassering ikkje finst, meiner Estelle Chiu (26). Estelle har studert saman med Jane, og jobbar no i ein bank i Taipei.

– Vi har eit varslingsssystem på jobb som vernar kvinner mot trakassering, men i realiteten fungerer det ikkje. Det er ingen som veit korleis dei skal handtere sakene som blir rapportert inn, fortel ho. Ho har sjølv erfart nedsettande haldningar i jobbsamheng.

– Under ein konsernfest skulle alle dei nytilsette i firmaet ha eit innslag på scena. Då hadde dei mannlege kollegaene våre bestemt av vi kvinner skulle å danse «sexy-dans.» Vi nekta sjølvsaft, men det overraskar meg at til og med unge menn tenkjer at sånn oppførsel er greitt. Eg hadde trudd dei skulle ha eit meir ope sinn, fortel ho.

Amerikansk-inspirert

Jane bestemte seg for å etablere eit nasjonalt nettverk kor kvinner kan støtte,

motivere og hjelpe kvarandre på arbeidsplassen.

Kvinnenettverket heiter Lean In, og er ei sjølvhjelpsgruppe basert på amerikanske Sheryl Sandbergs konsept om å styrke kvinner i jobb. Målet er å motivere kvinner til å «lene seg inn» på arbeidsplassen, ta ordet i møter og tørre og ta risiko.

Måten det skal gjerast på er å etablere små grupper der likesinna kvinner i all fortrulegheit kan ta opp utfordringar relatert til karriere eller familieliv.

– Først bestod Lean In-nettverket i Taiwan berre av små, sjølvstendige grupper, fortel Jane.

– Så eg og ei veninne tok kontakt med alle gruppeleiarane og inviterte dei til eit felles møte. Vi blei einige om slå alle gruppene saman til eit stort, felles nettverk.

I tillegg til dei såkalla sirkel-møta, arrangerer Jane og fire veninner opne arrangement.

– Då inviterer vi gjester til å kome å prate om alt frå lønsforhandlingar til korleis ein skal finne den rette kjærasten, seier Jane.

Likestilling i Taiwan

Ifølgje Generaldirektoratet for budsjett, rekneskap og statistikk er Taiwan rangert på 38. plass i verda når det kjem til likestilling mellom kjønn. Kvinner er representert i politikken, og har lik tilgang til helsetenester. Men trass i at det er fleire kvinner enn noko gong i arbeid, er det framleis berre 51 prosent av taiwanske kvinner som jobbar.

Inngrodde tradisjonelle kjønnsroller

skaper forventningar til kvinner om å vere heime, meiner Jane.

– Menn har sidan dei var barn blitt oppmuntra til å gjere det bra på jobb. Det har ikkje kvinner.

– I staden blir mange kvinner fortalt at dei ikkje er bra nok eller at dei gjer for mykje feil. Til slutt gløymer dei den liden-skapi som fekk dei inn på jobbmarknaden til å begynne med.

Den støtta og motivasjonen Jane meiner menn alltid har fått, er nettopp den ho vil tilby til kvinner gjennom Lean In. Og ved å støtte kvinner i arbeid, håpar ho å forbetre likestillinga i landet.

– Då eg var student, syntest eg at det å skulle forme samfunnet høyrtest veldig ambisiøst ut. Men no har eg innsett at kvar minste ting eg gjer, har evne til å påverke framtida, seier Jane.

Treig utvikling

I tillegg til Lean In, jobbar Estelle med å etablere eit kvinnenettverk i banken ho jobbar i. I første omgang skal det gje kvinnelege kollegaer høve til å bli kjende med kvarandre og dele erfaringar og utfordringar dei har.

– Men i framtida vil eg samarbeide med Lean In og FN's «He for She»-kampanje for å gjere nettverket endå større, fortel Estelle. Ho har trua på at Taiwan vil bli meir likestilt i framtida, men at utviklinga går atlfør treigt framover.

– Problemet med kvinnekampen, er at folk flest trur vi allereie har oppnådd likestilling. Difor ser dei ikkje verdien i å kjempe for det.

magasin@universitas.no



ESTELLE CHIU



I GODTID: Fei Fan startar førebuingane til kveldens show klokka tre på ettermiddagen. Han har lært sminketeknikkar frå YouTube, og hentar inspirasjon frå Netflix-serien 'Ru Pauls Drag race'.

DRONNINGANE AV TAIWAN

FORELDRA TIL FEI FAN VEIT
HAN SMINKER SEG, KLER
SEG I KJOLAR OG OPPTRE
I DRAG. MEN DEI VEIT IKKJE
AT HAN ER HOMO.

tekst: **RAGNHILD SOFIE SELSTØ**
foto: **AMANDA O. BERG**

– Femte etasje! seier Fei Fan, og det summar i ytterdøra då han slepp oss inn. Fei møter oss ikledd ein lang, sort bomullskjole og tar oss direkte med til badet der sminka står framme, klar til bruk. Fei skal forberede seg til kveldens WERK-fest, ein månadleg fest «som godtar alle kjønn og legningar», forklarar han. Og Fei skal på scena og framføre fleire drag-nummer.

Fei Fan er sjenert og ler roleg mellom setningane. Han bur åleine i ein hybel i Taipei, og tener til livets opphald ved å leie ut nabohybelen på Air BNB.

– Den tilhøyrar eigentleg foreldra mine, men det er eg som driv den, fortel Fei.

I helgane pleier han å gå på fest og opptre på Taipeis scener, kledd som ei kvinne.

Drag i Taipei

Dragscenen i Taipei er relativt liten. Då Fei først blei introdusert til konseptet, var det berre tre aktive dragstjerner.

– Eg pleier å kalle dei for big mamas. Dei er litt eldre enn meg og har hjelpt meg veldig mykje, seier Fei. I dag er det rundt ti drags i Taipei, og fleire av dei er såkalla *expats*, utlendingar som bur og jobbar i byen.

Å gjere drag betyr å kle seg opp i klede som det motsette kjønn vanlegvis brukar. Er du mann, blir du drag-queen. Er du kvinne, blir du drag-king. Drag kan også vere scenekunst, der ein queen eller king dansar og mimar til ein song framføre eit publikum.

Heilt sidan Fei var liten, har han likt å opptre. Mora var dansarinne, og sjølv ville han bli skodespelar. Men for lågt karaktersnitt hindra han å følgje den draumen, og han enda med å studere scenedesign i staden. Derfrå fant han vegen til drag.

– Når du jobbar med eit teaterstykke kan du berre gjere det regissøren seier. Til sjuande og sist er det han eller ho som bestemmer alt, og det er ikkje rom for å vere kreativ sjølv. Det er difor eg likar drag så godt. Eg kan bestemme musikken, koreografien, sminke, klede, og korleis eg skal kommunisere med publikum heilt sjølv.

Fei og foreldra

Fei sine foreldre er fullt klar over at han opptrer på scener som ei kvinne.

– Dei ser på det som eit kostyme, som ei sceneunderhalding. Dei har i alle fall ingenting i mot når dei veit eg tener pengar på det, fortel Fei.

Fei er også homofil, men det støttar ikkje foreldra like fullt. Første gong han fortalte mora om legningen sin var over telefon, like før han skulle flytte til Australia.

– Då eg fortalte ho eg var homo, var ho stille eit augeblikk før ho svarte, «Vel, ►►

FOTO: RAGNHILD SOFIE SELSTØ



ANGST: På veg ned til hjørnet for å kjøpe fritert kylling før festen startar, frys Chris til og omfamnar seg sjølv. Han kviskrar» fuck, fuck, fuck» under pusten - han har aldri gått ute i nabolaget halvvegs i drag før

ikkje la den type tankar avgrense deg, du veit aldri kva som kan skje i framtida.»

– Eg trur ho roar seg sjølv med det. Ho har sikkert lest ein plass at kjønns og seksualitet er flytande, så ho tenkjer kanskje at eg kan endre meg ein dag. Og det respekterer eg. Eg er berre glad for at ho ikkje byrja å gråte, eller slo meg.

Fei og mora blei einige om å ikkje fortelje faren om legninga hans. Faren var tidlegare general og har vore over 35 år i militæret.

– Han har hatt det travelt og vore under stort press. Men nå har han gått av med pensjon. Han spelar mykje golf og er med systera mi sine barn. Han er nøgd, og det skal eg ikkje øydelegge for han.

– Men eg skjuler ikkje legninga heller akkurat. Eg er jo skikkeleg gay. Eg er sikker på at han må ha lagt merke til noko.

Beste plassen i Asia å vere homo

Homokulturen har gradvis blitt akseptert blant den taiwanske befolkninga. Det er ingen straff for å delta i homomiljøet eller leve ut sin legning. Men homofile har heller ikkje noko vern i loven og dei får ikkje gifte seg. Sjølv om dei ikkje har blitt fornekta, har dei heller aldri vore anerkjent. Det er

som om myndigheitene bevisst har snudd eit blindt auge mot dei. Fram til no.

Taiwan er rekna som ein av Asias beste stader å vere homofil. Dei har eit stort homomiljø og arrangerer den største Pride-paraden i Asia. Pride har sidan 2003 vore arrangert årleg i Taipei. Sidan då har aktivistar også prøvd å få

«Verda er på veg til å gå under, og vi mobbar framleis kvarandre»

Fei

gjennom ein lov som tillèt likekjønna ekteskap, men år etter år har dei blitt avvist av konservative i det lenge regjerande partiet Kuomintang (KMT).

Men i 2016 vant det progressive partiet det Demokratiske Framstegspartiet (DPP) valet. Og i mai i fjor bestemte den taiwanske høgsterett at å nekte homofile par å gifte seg brøyt med grunnlova. Dommarane ga parlamentet to år til å endre eller vedta ein ny lov som skal sikre like-

kjønna par moglegheita til å gifte seg.

– Kravet inneberer at sjølv om dei folkevalde ikkje lager ein ny lov innan dei neste to åra, skal homofile par framleis kunne gifte seg i 2019, sa Yu Mei-nu, medlem i Taiwans lovgivande forsamling, til CNN. Med mindre andre land kjem i forkjøpet, vil Taiwan bli det første til å legalisere homofilt ekteskap i Asia.

Ikkje berre ein dans på roser

Til trass for at Taiwan blir rekna som homovenleg, er det framleis mange som slit med identiteten sin, fortel Fei. Konservative rørsler protesterer framleis mot homofili, leia av organisasjonen The Happy Family Protection Action Alliance som meiner at homofili øydelegg kjernefamilien. Under ein demonstrasjon i 2016 gjekk motstandarane av likekjønna ekteskap under parolen «Ekteskap og familie skal bli bestemt av heile befolkninga».

Fei kjenner godt til denne motstanden. Han jobbar frivillig i Taiwan Tongzhi Hotline Association, ein organisasjon som driv med informasjonsarbeid og tilbyr hjelpetelefon for homofile. Saman med organisasjonen pleier Fei å besøke skuleklassar for å snakke om LHBTQ-rettigheiter og for å fortelje sin historie. Men på grunn av den stadig ►►



DRAGQUEENS: Awesome Bitch (t.v) og Fei Fan poserer med ein sykkel på CUM Party i Taipei.



POPULÆR: Fei framføre landeplaga «Friday» av Rebecca Black, til stor begeistring frå publikum.



MENTOR: – Før eg møtte Fei, gjorde eg berre drag på soverommet mitt. Eg torde ikkje å gå ut. Fei tok meg til eit nytt nivå, han oppmuntra meg til å vere modig, og vere meg sjølv, fortel Awesome Bitch.



GENERASJONAR: – Eg likar å

aukande motstanden, får dei færre og færre invitasjonar.

– Dei to siste åra har vi hatt over 500 skulebesøk. Men i 2017 fekk vi berre til 221. Vi opplever at fleire og fleire rektorar ikkje vil invitere oss på grunn av foreldre som ikkje vil at barna skal høyre på oss.

Kan ikkje love reell likestilling

Då vi spurte Fei om han hadde trua på den nye ekteskapslova, sette han seg tilbake i stolen og blei stille. Lenge. Til slutt trakk han pusten.

– Viss dei lager ein lov, trur eg ikkje den blir laga på ein god måte. Det er allereie blitt laga fleire lovforslag av ulike organisasjonar, som foreslår å berre gjere den noverande lova kjønnsnøytral. Men eg trur at myndighetene heller kjem til å lage ein heilt ny lov. På den måten separerer dei ei gruppe menneske frå ein lov vi allereie har. Kva er poenget med det? Det er jo ikkje som om vi får ein betre lov enn dei andre. Det er latterleg. – *Korleis trur du framtida til LHBTQ på Taiwan er?*

– Åh, Gud, fnyser han. – Verda er på veg til å gå under, og vi mobbar framleis kvarandre. Kampen er ikkje over. Eg trur nok vi må

vente i minst 20 år til før vi kan gifte oss.

Sjølv når lova trer i kraft, meiner Brian Hioe i det taiwanske nettmagasinet New Bloom at det nødvendigvis ikkje vil skape reell likestilling for homofile. Homofile kan framleis bli nekta andre rettigheter som heterofile har, som til dømes retten til å adoptere, ta medisinske avgjerder på vegne av partner eller arve eigedom. Hioe meiner også at å legalisere likekjønna ekteskap er ein politisk strategi frå Taiwan si side.

– Det er mogleg at folkevalde i DPP vil at Taiwan skal få internasjonal anerkjenning for å vere det første landet i Asia som legaliserer homo-ekteskap, for å på den måten skape eit tydelegare skilje mellom Taiwan og Kina, skriv han.

Ute på WERK

Fei seier lite mens han legg på sminke. Sakte men sikkert går hans ytre frå å vere mann til kvinne.

– Eg går for ein uskyldig look i kveld, forklarer han. Og eit par timar seinare står han på WERK-scena i ført lyseblå kjole og parykk og mimar til Rebecca Blacks «Friday».

Etterpå står vi og pratar med Fei og no-

kon av venene hans. Ein av dei er 22 år gamle Christopher Wu, som er ikledd grøne militærbukser og ein skitent-blond parykk. Når Chris er i drag går han under namnet Awesome Bitch.

– I vekedagane er eg i militæret, så det her er eigentleg delar av uniforma min, fortel ho. Seinare inviterer ho oss med til neste helgs fest, eit månadleg arrangement kalla CUM Party.

– Dei advarte meg mot å bli homo

Laurdagen etter sit vi rundt middagsbordet heime hjå Chris saman med både besteforeldra, foreldra, broren og nevøane hans. Chris' foreldre veit om både legningen og hobbyen hans, og stemora er hans største fan. Men besteforeldra er uvitande.

– Ein gong advarte dei meg mot å bli homo. «Du kan bli kva du vil, berre ikkje bli homo. Eg ber deg, » sa bestefar. Det gjer meg trist. Så eg har bestemt meg for å ikkje kome heilt ut før etter dei er borte. Eg vil ikkje såre dei.

– Men dei veit at det er noko på gang, dei veit berre ikkje kva. Når eg blir gamal skal eg vere open, og ikkje slik som dei er. Det er definitivt eit generasjonsgap der.



teke med kjønn, og flyte mellom mann og kvinne, fortel Awesome Bitch. Faren står og snakkar med sonen medan ho tar på kveldens antrekk. Han har ingenting i mot sonens hobby.

Så når Awesome Bitch skal ut på byen i helgane, venter han til besteforeldra har lagt seg. Så pakkar han med seg ein kniv.

– Ein kveld då eg gjekk ute, ropte nokon «misfoster!» etter meg. Eg gjekk og bar på ein pisk den kvelden, så eg snudde meg og ropte tilbake; «tørr du verkeleg å snakke slik til ei to meter høg jente med pisk?!» Sidan den gongen har eg alltid teke med ein kniv når eg går ut i drag. Som forsvar. Ikkje fordi det er utrygt eigentleg, men eg er uroleg likevel. Det er framleis folk som ikkje aksepterer oss.

Awsome

Innan ein time har Christopher sitt ansikt blitt forvandla til Awesome Bitch. Ho har isblåe, nesten kvite auge, og leppene er malt med ein mørkeblå farge.

– Chris er sjenert, medan Awesome Bitch er meir utadvent og bryr seg mindre om andre. Eg føler meg mest komfortabel som Awesome Bitch, det er på ein måte mitt sanne eg. Men Chris har fordeler òg, så eg liker å vere begge.

Før vi hopper i ein taxi for å kome oss til CUM Party, tar Awesome Bitch oss med til nattmarknaden likeved for å kjøpe fritert kyl-

ling. Medan ansiktet framleis er Awesome Bitch, har han skifta til Chris' sine klede. Og han er nervøs.

– Eg har faktisk aldri gått ut slik før, seier han på veg ut. Brått slår han ut med armane og byrjar og spankulere bortover gata.

– Men kven bryr seg? Eg er jo fantastisk!

Det er som om Chris og Awesome Bitch slåst om plassen. Og jo nærmare marknaden vi kjem, jo meir plass får Chris. Han

«Men kven bryr seg?
Eg er jo fantastisk!»

Chris

omfamnar seg sjølv og kviskrar gjentakande «fuck, fuck, fuck». Fleire snur seg etter han medan vi går gjennom folkemengda. Nokon må til og med sjå to gonger. Ei eldre kvinne viser han tommel opp.

– Har du gjort sminka di sjølv? spør ho, og Chris nikkar.

– *Lihai!* smilar ho. Passande nok betyr *lihai* 'awesome' på mandarin.

Draumelivet

Framme på CUM Party er Chris sine klede bytta ut med ein fotsid paljettkjole og ein elegant parykk. Awesome Bitch har teke over. Blant det danseglade oppmøtet, treffer vi også Fei. Fei og Awesome Bitch beveger seg rundt på området, snakkar med andre og poserer framføre fleire kamera. Av og til saman, av og til åleine. I blant kjem andre festgjengarar bort for å ta ein selfie saman.

Til trass for at familiemedlemmar ikkje aksepterer den dei er, til trass for at Awesome Bitch føler ho må ha med seg kniv når ho går ut, til trass for at dei blir mobba, held dei fram med å gjere si eige greie. Og på plassar som WERK og CUM Party blir dei hylla. Lever dei ut draumen?

– Eg veit ikkje, svarer Fei. – Draumen min er ikkje å bli kjend eller noko sånn. Eigentleg vil eg berre gifte meg, slik som systera mi. Eg ønskjer meg ein mann som kan støtte meg og min mentale helse. Og så vil eg opne min eigen homsebar, betale lik løn til alle og ikkje oppføre meg som ein dritsekk av ein sjef. Eg har korkje bar eller ektemann, så ... Eg antar eg ikkje lev ut draumen min.

magasin@universitas.no



” Grasiøse drag queens på C.U.M. party. I midten står Fei i rødt ganske petit i forhold til de andre, og i dag litt klovnaktig i bevegelsene. For å slippe å sminke seg har han tatt på en hette over hodet, ganske utradisjonelt i drag-verden der man bruker evigheter på å sminke seg og gjøre seg klar. Plutselig snur han seg rundt og drar opp kjolen. Når jeg spør han om bildet i etterkant så roper han bare ”I don’t care!!” og forsvinner inn i folkemengden



Amanda O. Berg, fotograf i Universitas